

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet er av den oppfatning at det er lite meinings i å endre eigarskap på riks- og fylkesvegnettet midt i ein prosess med kommune- og regionreform. Eigarskap til det offentlege vegnettet vil vere ein viktig del av dei vurderingane som vert gjort i samband med dette arbeidet.
2. Fylkesutvalet viser til den pågåande prosessen med kommune- og regionreforma, og vil kome tilbake med ei samla vurdering av eigarskap til det offentlege vegnettet i samband med fylkeskommunale vedtak om framtidig regionalt nivå hausten 2016.
3. Fylkesutvalet vil og understreke at behovet for å auke satsinga på "større veger med sterke næringsinteresserer" vil kunne ivaretakast ved at dei statlege rammeoverføringane til fylkeskommunane vart ytterlegare styrka. Det er vanskeleg å sjå at endringar i eigarskapen på riks- og fylkesvegnettet i seg sjølv vil bidra til auka satsing på enkelte vegstrekningar.